

Saksbehandlar: Joakim Systaddal, Plan og samfunn  
Sak nr.: 21/1372-8

## **Kommunal tilskot kompensasjonsordning til lokale verksemder - jf. Prop 79S - runde 2**

### **Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:**

1. Formannskapet legg til grunn «Retningslinjer for kommunalt næringsfond 2021 i Sogndal kommune» slik dei ligg føre for utlysinga av kompensasjonsordninga.
2. Midlane skal lysast ut med ein gang, først med søknadsfrist 14 dagar frå kunngjering, deretter med løpande handsaming dersom det er midlar att.
3. Rådmannen får fullmakt til å handsame tildelingar inntil kr 200.000. Tildelingar over kr 200.000 skal handsamast i formannskapet.

### **Vedlegg:**

- Tilskotsbrev frå KMD

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i brev av 15.04.21 gjeve melding om at det er løyvd midlar til kommunale næringsfond som eit tiltak mot koronakrisa. Sogndal kommune fekk tildelt kr 2.743.000. Det er utarbeidd sentrale føringar for tildelingskjenneteikn og lovheimel for å gje tilskot som kommunane pliktar å fylgje.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Fondet vert gjeve med mange av dei same vilkåra og måla som førre tildeling i februar. Næringslivet i Sogndal er særleg eksponert for koronakrisa innanfor reiseliv. Men også kulturnæringane og andre enkeltbedrifter som har ei verksemd som krev mange menneske samla, har vore råka over lang tid. Difor vil desse bransjane vere særleg prioritert i tildelingane, men alle prosjekt med høg sysselsettingsgrad vil bli vurdert som relevante til å motverke effekten av koronapandemien.

Det er viktig for den framtidige aktiviteten i regionen at det vert jobba målretta med omstilling og fornying av produkt og tenester. Tilskotet skal, så langt som råd, bidra til at næringslivet kan gjennomføre prosjekt som med bidrag frå fondet gjer at bedriftene er betre rigga for framtida etter

gjennomført prosjekt. I tilfelle der levedyktige verksemdar treng kortsiktig hjelp til å oppretthalde sysselsetting og aktivitet kan krava fråvikast i særskilt viktige saker.

Retningslinjene for tildelinga er bygd på retningslinjene frå førre runde, med nokre justeringar og presiseringar i samsvar med tilskotsbrevet frå KMD. Rådmannen fekk i samband med førre utlysing tilbakemelding frå to verksemdar som ikkje rakk å søke før fondet var disponert, og som ynskte at midlane hadde blitt lyst ut med søknadsfrist. Sogndal kommune sin praksis er ikkje uvanleg. Av dei ordningane som var lyst ut gjennom *Regionalforvaltning*, var om lag halvparten lyst ut med løpande handsaming av søknadane. Vurderinga har vore at løpande handsaming er den klart raskaste måten å gjere midlane tilgjengelege på, i samsvar med føringane frå kommunal- og moderniseringsdepartementet. Over 70 bedrifter, frå enkeltpersonføretak til store bedrifter, har søkt ordninga, og dei andre tilbakemeldingane som er gjevne har vore positive til rask og løpande handsaming.

Sidan det no er tredje utlysing av denne typen midlar, går rådmannen ut frå at dei prosjekta som hasta mest no har fått tilskot. Innspela om søknadsfrist vert difor teke til følgje, og framlegget til vedtak no legg opp til søknadsfrist for første runde, og deretter løpande handsaming. Dette vil ta i vare alle omsyn på ein god måte i den vidare handsaminga.

Formannskapet må, på same måte som i førre runde, ta stilling til om formannskapet sjølv kan gjere vedtak i saka. Rådmannen si vurdering er at retningslinjene i denne omgang kan bli vedteke av formannskapet. Dette må bli grunngeve med at retningslinjene i all hovudsak er like retningslinjene vedteke av kommunestyret ved førre tildeling, og at saka såleis no ikkje er av prinsippiel karakter. Vedtak av retningslinjene får heller ingen budsjettmessig konsekvens. Saka ligg elles innafor formannskapet sitt ansvarsområde etter delegeringsreglementet med at «formannskapet skal ha særleg fokus på samfunns- og næringsutvikling».

#### **4. Konklusjon**

Sogndal kommune har gjennom dei førre rundene vist at ein har god kapasitet og evne til å forvalte fondsmidlane i samsvar med retningslinjer og intensjon. Sogn Næring lyser ut og handsamar søknadane, og gjev administrative vedtak saman med administrasjonen i Sogndal kommune. Dette har sytt for rask handsaming og god rettleiing for søkarar, slik at midlane kjem raskt til nytte i gode prosjekt. Det vert difor lagt opp til å gjennomføre fondsforvaltninga på same måte i denne runda, med justeringa i føringane for søknadsfrist.